



ÅRSRAPPORT 2011



Adresse: Nordalsmarka 30, 6900 Florø
Org nummer: 995 717 468
Kontonummer: 3705 15 87600

E-post: sorstrand@gmail.com
Heimeside: www.sorstrand.no
Telefon: +47 920 45 505

<i>Innhold</i>	<i>side</i>
<i>Årsmelding 2011</i>	3
<i>Regnskap for 2011 m/noter</i>	7
<i>Revisjon for 2011</i>	9
<i>Oppgradering av stranda i 2012</i>	10
<i>Årsmøte i Sørstrand Folkepark 2012</i>	11
<i>Protokoll frå årsmøte 2012</i>	12
<i>Medlemmer</i>	16
<i>Vedtekter</i>	17

Årsmelding 2011

Sørstrand Folkepark

Foreining Sørstrand Folkepark vart stifta 1. juli 2010 og 2011 var såleis det første heile driftsåret. Foreininga er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og pr. 31.12.11 hadde den 190 registrerte medlemmar, ei auke på 60 frå året før. Medlemsskapet er evigvarande og kostar 100 kroner for privatpersonar og 1000 kroner for bedrifter. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet.

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle og realisere det 175 mål vakre friområdet som ligg heilt sør på florelandet. Frivillig arbeid og finansiering frå ulike offentlege og private støtteordningar er innsatsfaktorane. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag.

Tilskot og gåver i 2011

Til liks med 2010, vart 2011 også eit gåverikt år for foreininga. Sparebankstiftinga i fylket gav 150 tusen kroner til grillhytta i si vårlege utdeling, mens DNB-Stiftelsen gav 250 tusen kroner til aktivitetsjungel i si haustlege utdeling. Av gåver frå lokale bedrifter vil vi trekke fram 5 tusen kroner frå både Bistro To Kokker og Fagforeininga på Ewos. Vi er svært takksame for alle gåver, som vi nøysamt prøver å få så mykje park for som mogeleg.

Gåvene vert inntektsført i innbetalingsåret. Gåvene frå Flora kommune og Gjensidigestiftelsen i 2010 på høvesvis 700 tusen og 800 tusen kroner, vart innbetalt i 2011. Av varsla gåver, er det kunn den frå DNB-stiftelsen som ikkje er innbetalt.

Reguleringsplan og områderegistrering

Kinn Arkitekter har stått for det faglege og praktiske arbeidet med reguleringsplanen. Planen dekkar ikkje berre Sørstrand friområde, men også bustadområda på Austvik. Dette har komplisert arbeidet, og ei godkjenning har drege ut i tid. Dette uroar foreininga i høve til naudsynt framdrift i prosjektarbeidet. Arbeidet med reguleringsplanen kosta foreininga 88 tusen kroner i 2011. Foreininga har i møter med kommunen fått lovnader om at delar av kostnadane knytt til arbeidet med reguleringsplan vil bli dekka.

Arbeidet med reguleringsplan utløyste også krav frå Fylkesmannen om områderegistrering for mulege steinalderfunn. Det vart gjort registreringar både til lands og til vatns av høvesvis Kulturavdelinga i fylket og Bergen Sjøfartsmuseum, utan at funn vart gjort. Foreininga kosta arbeidet, totalt 112 tusen kroner. Foreininga fremma krav om ettergjeving av kostnadane av omsyn til føremål og økonomisk bæreevne, men fekk avslag i to instansar, først av fylkesmannen og så av Riksantikvaren. Begge viste til

at tiltaket er for stort i høve til kostnadane. Formannskapet i kommunen har gjort vedtak om at kostnaden vil bli dekka.

I media

Det er viktig å vere synleg i media, for å vise nærmiljøet kva som skjer og kva som krevjast av dugnadsarbeid og anna innsats. Det var fleire reportasjar i Firdaposten i fjar, og Firda hadde igjen eit stort oppslag i høve gåva frå DNB-stiftelsen.

Heimesida www.sorstrand.no vert flittig nytta til å formidle nyhende, bilete, varsel om dugnadar etc. Desse meldingane sørger Hedvig Hauge Hovland for å spreie til Kystpuls og Facebook-gruppa slik at dei dukkar opp på lokalavisene sine nettsider. Ho fortener igjen stor takk for alle timane ho brukar på dette arbeidet.

Sal av medlemskap og arbeidet med sponsorar

Sal av medlemskap utgjorde 7 tusen kroner i 2011. Foreininga var ikkje spesielt aktiv i arbeidet med å rekruttere nye medlemmar i fjar. Det var likevel eit jamt tilsig gjennom året, men potensialet er stort. Styret vil meine at medlemsskap bør vere obligatorisk for dei som bur på vestsida av kanalen og ser mellom anna føre seg direkte sal av medlemskap på stranda i sommarhalvåret. Dei som nyttar stranda skal få høve til å bidra og vil nok sjå med velvilje på det.

Sponsormidlar utgjorde 14 tusen kroner i 2011. Styret ser eit stort behov for driftsstøtte i tida framover. I takt med auka investeringar, veks behovet for vedlikehald og utstyr. Styret vil arbeide målretta for å knytte til seg lokale bedrifter som er villige til å inngå langsiktige avtalar om ulik driftsstøtte.

Dugnadsarbeidet

Frivillig innsats er viktig, og konsentrert om førefallande vedlikehald og kultivering av området. Reinsking av tang som driv i land på stranda må gjerast minst ein gong i månaden for å halde sanden rein. Gråtass kjem her godt med. Slåmaskina vert nytta til kultivering av nye og eksisterande grøne lunger, mens motorsaga kuttar i krattskogen. Arbeidet med vedlikehald vert stadig meir omfattande ettersom parken tek form. Utstyr og vedlikehald får sjeldan store gåver, så her er ein heilt avhengig av eldsjelene og dels deira utstyr. Styret vil nytte høvet til å takke dei få ihuga eldsjelene som driv fram prosjektet. Utan desse, ingen park.

Foreininga deltok saman med kommunen på den landsomfattande strandryddedagen som vart skipa for første gong 17. september i fjar. Det var mange som kom og samla rusk og rask over heile området i haustsola. Eit flott og engasjerande initiativ, som vi sjølv sagt takkar og bukkar for.

Prosjektarbeid utført i 2011

Terøy Maskin fekk oppdraget med å opparbeide veg og parkområde ved grillhytta. Eikefjord Bygg støypte fundamentet til Grillhytta, som vart levert og montert av Arnfinn Noss. Hytta vert mykje brukt som turmål av barnehagen og bruken av den vil auke i takt med at området rundt vert utvikla.

Terøy Maskin stod også for opparbeiding av parkeringsplass i Sørstrandvegen, mens AB Maskin fekk oppdraget med å asfaltere den. Tilrettelegging av parkeringsplass var eit pålegg frå Flora kommune som følgje av den auka bruken av området og dei føreliggande og omfattande planane for utvikling av stranda.

AB Maskin fekk også oppdraget med å vøle 200 meter veg frå bommen og inn i området. Vegen blir sjølve hjartet i aktivitetsparken under utvikling.

Foreininga inviterte i haust til anbod på oppgradering av stranda, med Kinn Arkitekter som ansvarleg søker. Tilbodet frå Terøy Maskin vart akseptert, og er kostnadsrekna til 1,0 million kroner inklusive mva. Kommunen har på nyåret gjeve klarsignal til oppstart, og arbeidet tek venteleg til i februar 2012. Målet er å nyopne stranda i samband med Jonsokfeiringa 2012.

Planer og prioriteringar for 2012

Det vil bli søkt om gåver og tilskot i 2012 også. Flora Kommune sine tettstadmidlar finn vonleg vegen til Sørstrand i år også. Her vil dei i så fall gå til sandvolleyballbane og vegar på strandområdet, som vi ikkje har finansiering til endå. Det same gjeld for dei planlagde bruene/stiane ut over øyane til Flatholmen og sørsidevegen langsmed sjøsida.

Elles vil ein söke om midlar til å utvikle ein innhaldsrik aktivitetspark på begge sider av den nyvøla vegen som ender opp ved grillhytta. Gåva frå DNB-stiftelsen sørger for at dette området får høg prioritering framover. Styret ser føre seg at utviklinga av ein aktivitetspark vert organisert som eit eige prosjekt med deltagarar frå ulike foreiningar og lag. Her er det viktig å frigjere dei mange gode kretene som fins i nærmiljøet, gjerne ved å legge tilrette eigne område til lag som ønskjer å utvikle attraksjonar for ålmenta. Flora Krigshistorielag, 4H, Turlaget og andre vil bli invitert til å delta i dette arbeidet.

Regnskapet for 2011

Resultatregnskapet for 2011 viste eit overskot på 860 tusen kroner som er føreslått lagt til eigenkapitalen. Inntektene utgjorde 1,674 million kroner, mens kostnadane utgjorde 814 tusen kroner. Prosjektkostnadane utgjorde 455 tusen kroner der arbeidet med vegar, parkeringsplass og vedlikehald av stranda kosta høvesvis 255 tusen, 182 tusen og 18 tusen kroner. Planarbeid og pålagt områderegistrering for steinalderfunn kosta høvesvis 179 tusen og 112 tusen kroner. Eigenkapitalen i foreininga var 863 tusen

kroner pr. 31.12.11. Av eigenkapitalen utgjorde bankinnskot 756 tusen kroner.

Administrativt

Det vart avhelde 6 styremøte i 2011. Dei viktigaste sakene er omtala i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. Signe Marie Landøy er regnskapsførar, også det utan godtgjersle. Kinn Regnskap står for revisjon av regnskapet. Honoraret for 2011 var 5 tusen kroner.

Florø, 4. mars 2012




Jan Henrik Nygård
Styreleiar



Sigmund Frøyen
Nestleiar



Magne Hovland
Styremedlem



Eirik Rostad Ness
Styremedlem



Isabella Flister
Styremedlem

Regnskap for 2011 m/noter

Resultatregnskap 2011

Resultatregnskap 2011	Noter	2011	2010
Grasrotandelen		2 167	
Medlemskap	1	7 100	5 000
Gåver og tilskot	2	1 650 000	
Sponsormidlar	3	14 000	200
Leigeinntekter (grillhytta)		700	
Sum driftsinntekter		1 673 967	5 200
Planarbeid	4	178 888	11 250
Prosjektarbeid	5	455 175	43 256
Utstyr og materiell	6	19 232	12 600
Områderegistrering	7	112 122	
Revisjon		6 900	
Forsikringspremie		1 392	
Andre driftskostnader	8	15 559	4 011
Avskrivninger	9	23 562	3 600
Sum driftskostnader		812 830	74 718
Renteinntekter		783	60
Rentekostnader, gebyrer		1 638	1 429
Årsresultat		860 282	-70 887

Balanse pr. 31.12.2011

Balanse pr. 31.12.2011	Noter	2011	2010
Traktor		1	14 400
Slåmaskin		16 800	-
Grillhytte		97 000	
Bank	10	756 285	-
Sum eignelutar		870 086	14 400
Eigenkapital		863 186	2 904
Leverandørfordringar		1 900	
Kassekreditt	10	-	11 497
Avsett kostnad revisjon		5 000	
Sum gjeld og eigenkapital		870 086	14 400

Noter til regnskapet for 2011

Note 1	2011	2010
Medlemskap	60	50

Note 2	2011	2010
Gjensidigestiftelsen	800 000	
Tettstadmíðar:	700 000	
Sparebankstiftinga	150 000	
Tildelte tilskot	1 650 000	-

Note 3	2011	2010
Bistro to kokker	5 000	
Private	2 000	200
Sparebanken S. og Fj.	2 000	
Gunhildvågen Kjemiske Fagforening	5 000	
Sponsormíðar	14 000	200

Note 4	2011	2010
Planarbeid reguleringsplan	87 756	11 250
Planarbeid parkeringsplass	13 219	
Planarbeid bru/vegstrand	77 913	
Planarbeid	178 888	11 250

Note 5	2011	2010
Arbeid med vegar	254 825	
Arbeid med stranda	18 169	43 256
Arbeid med parkeringsplass	182 181	
Prosjektarbeid	455 175	43 256

Note 6	2011	2010
Plakatar		3 113
Kort		5 313
Rammer		1 550
Skilt	4 610	2 625
Benkar	14 622	
Utstyr og materiell	19 232	12 600

Note 7	2011	2010
Strandlinjereg av Bergen Sjøfartsmuseum	48 762	
Landregistrering av kulturavdelinga	63 360	
Områderegistrering totalt	112 122	

Note 8	2011	2010
Porto		553
Annonsar		2 544
Diverse kostnader	15 559	915
Andre driftskostnader	15 559	4 011

Note 9	2011	2010
Traktor	14 399	3 600
Slåmaskin	4 800	
Grillhytte	4 963	
Avskrivningar:	24 162	3 600

Note 10	2011	2010
Kassekreditt avslutta i 2011	-	11 497
Bankkonto	756285	

Kinn Regnskap AS
Postboks 301
6902 FLORØ
Tlf 57 75 14 30
Faks 57 75 14 39
Aut. Regnskapsførerselskap
Org.nr. 986 553 258



Sørstrand Folkepark
Nordalsmarka 30
6900 Florø

Florø 23.02.2012

REVISJON FOR 2011

Vi har gått gjennom regnskapet for Sørstrand Folkepark for 2011.

Årsregnskapet består av en balanse pr 31.12.11 og resultatregnskap som viser et overskudd på kr 860 282,- for regnskapsåret avsluttet per denne dato, samt noter og årsrapport.

Vi har utført gjennomgang i samsvar med god regnskapsskikk og bransjestandard. Gjennomgang omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjon i oversikten.


Vi mener at oppstilling over regnskapet gir et forsvarlig uttrykk for Sørstrand Folkepark sin finansielle stilling og resultat for regnskapsåret 2011.

Med vennlig hilsen
Kinn Regnskap AS

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Siv Madsen".

Siv Madsen
Autorisert regnskapsfører

Oppgradering av stranda i 2012



Terøy har fått oppdraget med å oppgradere stranda, og kontrakt er inngått med ei kostnadsramme på 1 million kroner inklusive mva. Arbeidet tek til i februar 2012.

Teikninga over er laga av Kinn Arkitekter og viser korleis stranda vil sjå ut etter oppgraderinga, dersom foreininga også klarer å finansiere sandvolleyballbana og vegane på stranda. Her håper vi nye INU-midlar frå kommunen kan bli løyvd. Bruene og stiane utover øyane er førebels på vent til vi finn finansiering til dei også, og er ikkje del av det prosjektet som Flora kommune har godkjend i denne omgang.

Stranda vil etter oppgraderinga få ei sjøtrapp i vest og ein kaikant for småbåtar i aust. Begge deler vil bli gjort med stabla naturstein. Bak kaikanten blir det bålpass. Vegane skal ha universell standard. Sittegrupper skal lagast og kantast med stabla naturstein.

Stranda skal hevast for å tørrlegge større deler av den. Kanting mot sjøen skal hindre at sanden forsvinn ut i bukta. Topplaget skal fornyast med skjellesand.

Årsmøte i Sørstrand Folkepark 2012

Tid: 29. mars 2012 kl 19.00
Sted: Kystmuseet

Dagsorden

1. Val av ordstyrar
2. Val av referent
3. Val av 2 medlemmar til å signere protokollen
4. Godkjenning av årsmelding og regnskap for 2011
5. Medlemskapssaker
6. Planer og prioriteringar for 2012
7. Innkomne saker
8. Val av styre- og vararepresentantar
9. Val av prosjektorganisasjon til Aktivitetspark
10. Val av arrangementskomite til Jonsokfeiring

Protokoll frå Årsmøte 2012

Årsmøtet vart avhelde 29. mars 2012 i kafeen på Kystmuseet. Nestleiar Sigmund Frøyen ønskete velkommen til det andre ordinære årsmøte i foreininga si historie. Det var 7 medlemmar tilstades, av 191 registrerte medlemmar. Det var ingen merknader til innkallinga og dagsorden.

Sak 1: Val av ordstyrar

Nestleiar føreslo seg sjølv, og årsmøtet støtta forslaget.

Sak 2: Val av referent og 2 medlemmar til å signere protokollen

Nestleiar føreslo Eirik Rostad Ness som referent. Årsmøtet støtta forslaget.

Sak 3: Val av 2 medlemmar til å signere protokollen

Nestleiar føreslo Jan Henrik Nygård og Sturle Sunde til å signere protokollen. Årsmøtet støtta forslaget.

Sak 4: Godkjenning av årsmelding og regnskap for 2011

Nestleiar gjekk gjennom styrets årsmelding og regnskap for 2011. Foreininga har 191 medlemmar. Dette er en auke på ca 60 medlemmar frå 2010. Dette er eit bra resultat gitt at foreininga ikkje har drevet med aktivt rekrutteringsarbeid i 2011.

Nestleiar la vekt på økonomien, og peika mellom anna på Sparebankstiftinga si pengegåve til grillhytta og DNB-stiftelsen sin støtte til aktivitetsjungel. I tillegg har lokale bedrifter gitt viktige bidrag i 2011.

Både årsmelding og regnskap vart godkjent utan merknadar.

Sak 5: Medlemskapssaker

Styreleiar gjorde greie for at styret heller ikkje i år hadde fremja forslag om æresmedlemskap (§4-2). Til det var historia for kort. Årsmøtet hadde ingen merknader til dette.

Vidare orienterte styreleiar om styret sitt forslag om å vidareføre prisen for medlemskap (§4-1), vedtatt på stiftelsesmøtet i 2010, med høvesvis:

- Kr 100 for privatpersonar
- Kr 1000 for bedrifter
- Kr 0 for foreiningar

Årsmøtet støtta forslaget.

Arbeidet med å rekruttere nye medlemmar må prioriterast i 2012.

Sak 6: Planer og prioriteringar for 2012

Nestleiar gjorde greie for styrets planer og prioriteringar i 2012. Arbeidet med reguleringsplanen er framleis ikkje sluttført. Det skyldast i hovudsak at planen i tillegg til Sørstrand også omfattar bustadområda ved Austvik og i vest mot Nordalsmarka. Utviklinga av badestranda kan uansett gjerast under eksisterande reguleringsplan.

Stranda:

Nestleiar orienterte om pågående arbeid på stranda. Terøy Maskin er i gang med å heve stranda, mure opp ei sjøtrapp samt lage kai og bålpass. Planen er å få stranda ferdig til Jonsok. Foreininga søker løyve om å sette opp bruver. For å realisere bruene treng foreininga løyve om fleire midlar.

Aktivitetsjungel:

Foreininga skal etter planen lage ein aktivitetspark (området frå bom fram til grillhytta). Foreininga har alt fått midlar til ein aktivitetsjungel, som skal ligge vest for grillhytta. Utover dette er tanken at forskjellelege lag og foreiningar (eksempelvis 4 H, Turlaget og Krigshistorielaget) bidrar med sine ressursar og styrkar. Desse gruppene kan få utvikle sine eigne områder i aktivitetsparken. Ein kan starte med å invitere interesserte på synfaring for å kartlegge mogeligheter. Det må settast ned ei gruppe som skal jobbe vidare med prosjektet (sjå sak 10).

Helge Sårheim var invitert av styret for å diskutere om og eventuelt korleis 4 H i Florø kan engasjere seg i prosjektet. I følgje Sårheim passar

prosjektet svært godt inn i 4 H sitt arbeid. Parken er aktuell for utemøte og som fast tilhaldsstad for klubben. Sårheim påpekte at prosjektet krev betydeleg dugnadsinnsats, og at han ikke kunne forplikte klubben før planene er diskutert og handsaka av organisasjonen eigne organ. Sårheim stiller seg til disposisjon for prosjektgruppa inntil vidare.

Sti/veg frå grillhytta langs sjøen mot strand:

Realisering av dette prosjektet er avhengig av økonomi.

Årsmøtet tok orienteringa til vitande.

Sak 7: Innkomne saker

Ingen saker var meldt inn på førehand.

Sak 8: Val av styre- og vararepresentantar

Valnemnda innstilte :

- Jan Henrik Nygård, Sigmund Frøyen, Magne Hovland og Audhild Teigen som nye styremedlemmer for 2 år. Styremedlem Eirik Rostad Ness er ikke på val. Styret konstituerer seg sjølv.
- Tor Solheim Olsen og Sturle Sunde som vara for 2 år.
- Valnemnd for 1 år: Berit Hovland og Kim Jensen.
- Revisor: Kinn Rekneskap ved Siv Madsen. Årlig honorar er kr 5000.

Årsmøtet støtta valnemndas innstilling.

Sak 9: Val av prosjektorganisasjon Aktivitetspark

Følgjande personar vart foreslått:

- Sturle Sunde, Sørstrand Folkepark
- Tor Solheim Olsen, Sørstrand Folkepark
- Helge Sårheim, 4 H
- Sissel Strømmen, Barnas Turlag
- Jan Midtbø

Årsmøtet støtta forslaget. Gruppa konstituerar seg sjølv, men Sturle Sunde tar ansvaret for å samle gruppa til sitt første møte.

Andre grupper som ble nemnd under diskusjonen: Unge narkomane, Aktiv på dagtid, pensjonistforeiningar og ressurspersonar knytt til universell utforming.

Sak 10: Val av arrangementskomité til Jonsokfeiring

Følgjande personar var foreslått til komiteen:


Jan Henrik Nygård, Cecilia Molander og Ingvild Hovland

Årsmøtet støtta forslaget. Jan Henrik Nygård leder komiteen. Komiteen kjem tilbake med eit forslag til styret i god tid før Jonsok.

Følgjande innspel ble vidaresend frå årsmøtet til komiteen:

Midlertidig sanitæranlegg bør på plass for opninga. Det bør i sakas anledning sendast eit brev til kommunen. Magne Hovland ber komiteen sjekke om Sørstrand barnehage kan stille sine toalett til disposisjon for publikum Jonsokaftan. Dette kan være ei gjennytting for barnehagens bruk av grillhytta på dagtid.


Florø 29. mars 2012




Eirik Rostad Ness

Referent

Jan-Henrik Nygård



Sturle Sunde



Medlemmar i Sørstrand Folkepark pr 31.12.11

Alvdis Solvang	Frank Gundersen	Kurt Sandal	Solveig Bjørnevik
Anders Espeset	Frode Kvammen	Lene Kroppan	Sparebanken Sogn og
Anita Bruflat	Gaute Barstad	Lillian Frøyen	Fjordane
Anita Solbakken	Geir Angel-Jacobsen	Magna Wefring	Sparebankstiftinga Sogn
Anne Grethe Osland	Gerd Nygård	Magne Hovland	og Fjordane
Hellesen	Gjensidigestiftelsen	Margrete Pedersen	Sturle Sunde
Anne Liv Lothe	Guri Langaas	Maria Kristin Dypevik	Svein Helge Bruheim
Anne Marie Baugstø-	Hallgerd Frøyen	Maria Rolness Nygård	Svein Tore Gjesdal
Hartvigsen	Hans Erik Stenseth	Marit Havn	Synneva Kolle Solheim
Anne Therese Bendixen	Harald Osland	Marit Midtbø	Sølvi Eltvik
Ann-Kristin Iversen-	Harry Rød	Mathias Mortensen	Sølvi Larsen
Seljeseth	Hege Jørgensen	Merete Elin Åberg	Sølvi Øvrebotten
Are Fjellestad	Hege Bjerck Reksten	Modliv Bjørvik	Sørstrand Barnehage
Arlid Hatlem	Hege Merete Eggem	Niklas Flister	Tiina Mortensen
Arne Helle	Hege Stokka	Nils Jørgen Hansen	Tom C/O Kristin
Arne Midtun	Heidi Langeland	Nils Petter Tonheim	Stålberg
Arnfinn Fagerstrøm	Heidi Vallestad Nygård	Nina Kråkenes	Tor Hjalte
Arve Iversen Seljeseth	Hilde Bakke Sumstad	Norid Nydal	Tor Solheim Olsen
Arvid Gilleshammer	Hilde Marie Sund	Norunn Undem	Torbjørn Orheim
Asbjørn Rørvik	Ida Knapstad Nygård	Oda Frøyen Nybø	Tore Brattbergsengen
Asbjørn Nybø	Industri Energi Ewos	Oddbjørg Gjelsvik	Tore og Edit Gundersen
Astrid Greta	Inge M. Nygaard	Oddbjørn Hovland	Tore Strømsøy
Hammerseth	Inger Anna Sæthre	Oddgunn Svardal	Torhild Grete Lien
Atle Grytten	Fjellestad	Oddlaug Nordal	Torill Standal
Audhild Teigen	Inger Svare Kvien	Fredheim	Trond Ingvar Sagen
Bente Nilsen Halvorsen	Ingunn Ravnestad	Oddvar Kjell Grotle	Trond Teigene
Bente Mari Ljøen Frøysa	Irene Nenonen	Ola Teigen	Trond Wefring
Berit Hovland	Isabella Annie Flister	Olav Roar Mortensen	Trond-Atle Asphjell
Berit Rakvåg	Jan Block Helmers	Ole Martin Bøhn	Trygve Nybø
Bistro To Kokker	Jan Henrik Nygård	Ole Petter Dahl	Turid Haarr Wefring
Bjarte Ellingsund	Jan Henrik Standal	Ole Petter Aase	Unni Hillersøy
Bjørg Holmen	Jan Kåre Rognaldsen	Otto Grotle	Vidar Ask
Bjørg Hovland	Jan Midtbø	Pepita Frisørsalong	Vidar Solheim
Bjørg Jansen	Janecke Pedersen	Per Block Helmers	Vigdis Midtbø
Bjørn Sundal	Janne Haugnes	Per Høydal	Walter Høyvik
Carsten Jørgensen	Janne Solheim Olsen	Per Vidar Ottersen	Wenche Hovland
Cecilia Molander	Jarl Steinhovden	Per-Arve Havnen	Wenke D Rognaldsen
Cecilie Haaheim	Jarle Tonheim	Randi Bjerck Værøy	Øystein Hjalmar Hjertnes
Dag Roald Bjerk	Jens Fanevik	Leirvåg	Åge Arne Larsen
DNB Stiftelsen	Johanna Vartdal	Reidun Rylandsholm	
Einar Østby	Johnny Lundkvam	Liset	
Eirik Ellingsund	Jørn Solheim Olsen	Rita Hesvik Frøyen	
Eirik Rostad Ness	Kari Sofie Larsen	Rita Holsen	
Eli Kjerpeseth	KariAnne Alette	Roald Leivestad	
Eli Kristin Magnussen	Torvanger	Rolf Endestad	
Elias Ferdinand Frøyen	Karl Johan Moldestad	Roy Boye Olsen	
Elin Marie Magnussen	Karoline Angela	Runar Andre Silden	
Elsa Horne	estlund	Rune Sunde	
Else Berge	Kjersti Senneset	Sigmund Jofred Frøyen	
Else Oddbjørg Nydal	Knut Anders Langlo	Silje Helene Dypevik	
Erna Stenseth	Knut Eikeland	Siri Stavang	
Eskil Frøyen Nybø	Knut Roald	Sogn og Fjordane	
Espen Lothe	Kolbjørn Nybø	Fylkeskommune	
Flora Kommune	Kristian Berentzen	Solveig H Skaanenli	
Flora Venstrelag	Kristin Havn	Solveig Myhre Sunde	

Vedtekter for Sørstrand Folkepark

§ 1 Navn

Foreningens navn er Sørstrand Folkepark.

§2 Formål og virkemidler

- 2.1 Foreningens formål er å utvikle og realisere Sørstrand Folkepark som rekreasjonssted for fastboende og besøkende i Florø.
- 2.2 Foreningen skal legge til rette for idretts- og fritidsaktiviteter for barn, ungdom og funksjonshemmede og vil samarbeide med skoler, barnehager og andre foreninger som ønsker å bruke parken.
- 2.3 Foreningen vil være hørings- og samarbeidsorgan overfor kommunen og andre instanser i saker som angår formålet.
- 2.4 Foreningen skal i sitt arbeid med å utvikle folkeparken, søke å ivareta naturen, miljøet og de kulturminnene som finnes.
- 2.5 Foreningen skal finansiere sitt arbeid primært via ulike støtteordninger fra offentlige instanser, private institusjoner og innsamlingsaksjoner.
- 2.6 Foreningens arbeid vil i stor grad være basert på frivillig innsats fra medlemmer og andre.

§ 3 Juridisk person.

- 3.1 Foreningen er en upolitisk, selveiende og frittstående juridisk person som drives på ideelt grunnlag.

§ 4 Medlemskap

- 4.1 Medlemskap er åpent for alle som ønsker det. Prisen for medlemskap fastsettes av årsmøtet. Det utstedes et medlemsbevis som benyttes som adgangstegn til årsmøtet. Alle som bidrar med gaver på minimum det medlemskapet koster, vil automatisk få status som medlem. Som medlem godtar man foreningens vedtekter og formål. Medlemskapet er gyldig fra den dagen pengene er mottatt, og gjelder på ubestemt tid.
- 4.2 Æresmedlemskap kan tildeles basert på stor frivillig innsats eller arbeid som på annen måte bidrar til å realisere formålet. Årsmøtet tildeler æresmedlemskap etter innstilling fra styret.
- 4.3 Årsmøtet kan ekskludere medlemmer som ikke respekterer foreningens vedtekter og formål eller som på annen måte bidrar til å motarbeide foreningens interesser.

§ 5 Årsmøte

- 5.1 Foreningens øverste myndighet er årsmøtet. Ordinært årsmøte holdes innen utgangen av april hvert år og skal kunngjøres minst 4 uker før.
- 5.2 Forslag til saker som skal behandles på årsmøtet, må være styret i hende senest 14 dager før.
- 5.3 Innkallingen skal angi de saker som skal behandles på årsmøtet, og skal gjøres tilgjengelig for medlemmene minst 1 uke før årsmøtet.
- 5.4 Årsmøtet er vedtaksført med det antall medlemmer som møter. Ingen medlemmer har mer

enn 1 stemme. Stemmegivning kan skje ved fullmakt.

5.5 Årsmøtet behandler:

1. Årsmelding

2. Årsregnskap

3. Valg av:

- Fem styremedlemmer

- To vararepresentanter

- Valgkomité på to medlemmer

- Revisor

- Eventuelle komiteer

4. Medlemskapssaker

5. Planer og prioriteringer for det kommende året

5.6 Det velges en dirigent til å lede årsmøtet, en referent og to medlemmer til å signere protokollen. Protokollen skal legges ut på hjemmesiden som del av årsrapporten.

5.7 Styremedlemmer og vararepresentanter velges for to år. Samtlige kan gjenvelges og kontinuitet må tilstrebdes.

5.8 Årsmøtets beslutninger fattes med alminnelig flertall blant de fremmøtte medlemmene.

5.9 Revisor og valgkomité rapporterer direkte til årsmøtet.

§ 6 Ekstraordinært årsmøte

6.1 Ekstraordinært årsmøte skal avholdes når styret finner det påkrevet. Innkalling og avvikling følger samme prosedyre som ved ordinært årsmøte, jfr. § 5. Innkallingsfristen er minst 14 dager.

6.2 Når minst 1/3-del av medlemmene krever det, skal det avholdes ekstraordinært årsmøte.

§ 7 Medlemsmøter

7.1 Medlemsmøter avholdes når styret finner det nødvendig og skal bekjentgjøres minst 14 dager forut.

§ 8 Velforeningens ledelse (styret)

8.1 Foreningen ledes av et styre som er foreningens øverste myndighet mellom årsmøtene. Styret konstituerer seg selv gjennom valg av leder og nestleder.

8.2 Styret skal:

- Iverksette de vedtak som årsmøtet fatter
 - Stå for foreningens daglige ledelse og ivareta dens interesser overfor andre instanser
 - Forvalte foreningens eiendeler/eiendom, herunder føre kontroll med foreningens økonomi
 - Etter behov, oppnevne komiteer eller personer til å løse spesielle oppgaver
 - Representere foreningen utad
- 8.3 Styret skal holde kvartalsvise møter, eller oftere ved behov.
- 8.4 Styrets vedtak skal protokolleres gjennom referater som arkiveres elektronisk og fysisk sammen med brevlig korrespondanse.
- 8.5 Styret, ved leder og nestleder sammen, har signaturrett.
- 8.6 Styret er beslutningsdyktig når minst 3 representanter er til stede. Vararepresentanter skal motta saksinformasjon, og innkalles ved behov. Som vararepresentant har man møterett.
- 8.7 Styrebeslutninger krever alminnelig flertall. Ved stemmelikhet, skal leders dobbeltstemme avgjøre.

§ 9 Vedtektsendringer

- 9.1 Vedtektsendringer krever 2/3 flertall og må vedtas på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Endringene trer i kraft umiddelbart.

§10 Opplosning. Sammenslutning. Deling.

- 10.1 Opplosning av foreningen kan behandles på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Vedtaket krever 2/3 flertall. Det skal velges et avviklingsstyre som skal forestå avviklingen.
- 10.2 Foreningens formue skal, etter opplosning og gjeldsavleggelse, tilfalle formålet eller beslektede formål i nærområdet. Ingen medlemmer har krav på foreningens midler.
- 10.3 Sammenslutning med andre foreninger eller deling av foreningen anses ikke som opplosning. Vedtak om sammenslutning/deling og nødvendig vedtektsendringer i denne forbindelse treffes i samsvar med bestemmelsene om vedtektsendring (§ 9). Styret skal i den forbindelse utarbeide en plan for sammenslutningen/delingen som årsmøtet skal stemme over. Ved sammenslutning eller deling skal det innhentes samtykke fra foreningens kreditorer.

**sparebanken
sogn og fjordane**

Treng du pengar til ny bustad? So bra!

Kom og fortel oss om bustadplanane dine. Vi strekkjer oss så langt vi kan for å hjelpe deg. At du kjem til Sparebanken Sogn og Fjordane og ber om bustadlån er berre **So bra!**

ssf.no

so bra